



Referat møte i Team Hardanger (TH), mandag 03.12.2025 i Kvam

Møtte:

Lisbeth B. Celik, Eidfjord kommune - leiar (frå kl 1000)

Jan Tjosås, Kvam herad (til kl 1300)

Mona Hellesnes, Ulvik herad

Randi Rykkje, Ullensvang kommune- nestleiar

Hans Inge Myrvold, Ullensvang Næringshage

Trude Undebakke, Hardanger og Voss Næringshage

Ann Irene Myrheim, Hardangerrådet iks

Trude Rinaldo, Hardangerrådet iks

Agenda:	09.00 - 14.00	Team Hardanger sakshandsaming
	14.00 - 15.00	Lunsj på Thon Hotel Sandven

Gjennomgang av "Menti undersøkelse" vart gjort blandt medlemmane i Hardanger Industri i Ullensvang om kompetansebehov i regionen. Denne undersøkinga er også alle dei andre næringslaga i Hardangerkommunane invitert til å gjennomføra.

Saksliste:

1. Gjennomgang av mandat for Team Hardanger

Oppdatert mandat gjort i møtet 03.12.25 er vedlegg til referatet, og vert sendt til Rådmannsforum for godkjenning.

I arbeid med gjennomgang av mandat var dette også del av dialogen:

- TH må styrka forhold til Vestland fylkeskommune
- IN Vestland arbeider overordna med næringsareal. TH bør jobba meir strategisk med dei for felles fokus og synleggjering av moglegheiter regionen har. Oppdatering, meir kunnskap og synleggjering av moglegheitene er bra for næring, gründerar og kommunane.
- Vest-Norsk Brusselkontor: Bruka dei meir. Møte dei i Brussel? Søkje Erasmusmidlar for å læra meir om kva som rører seg i Europa med aktualitet for Hardanger.
- Felles regionsatsing på Arendalsveka i regi av Hardangerrådet. Dagleg leiar luftar innspelet for Hardangerrådet/rådmannsforum.

2. Gjennomgang av forslag til arbeidsplan.

Oppdatert årshjul vert lagt inn på teamskanalen. Alle kan gå inn å kommentera til endringar/tillegg som bør inn i årshjulet.

3. Presentasjon av sluttrapport for prosjektet Rekruttering i Hardanger

Presentasjon av prosjektet som held på med sluttrapporten v/ dagleg leiar Hans Inge Myrvold. Den vert sendt til alle straks den er ferdig.

TH ber om at det på neste møte vert teke opp sak om kva ein vil skal vera del av framtida etter prosjektslutt. Viktig at kvar medlem i TH ser på korleis ein kan nytte dette i framover.

Det vert understreka at det digitale verktøyet laga i prosjektet er veldig godt, faktisk har prosjektet vore ein verktøyutviklar.

Det som står att er ei stor lansering av "Vikaller" -nettportalen. TH ber om at denne store lanseringa vert gjennomført etter at ein har bestemt framtida til prosjektet.

4. Møteplan for 2026

Vedtak: Møteplanen godkjend med korrigeringar gjort i møte.

2026	Jan.	Feb.	Mars	April	Mai	Juni	Sept	Okt.	Nov.	Des.
Regionrådet Representant- skapet	Fredag 16. Eidfjord		Fredag 27. Kvam Årsmøte	Fredag 10. Ulvik Fellesmøte Sunnhordland	Fredag 22. Ulvik		Fredag 11. Kvam	Fredag 09. Odda		Fredag 18. Jondal/Utne
Hardingtinget Hardanger- konferansen		Fredag 13. Ullensvang Harding- tinget							Tors-Fred 5.-6. Eidfjord Hardanger konferansen	
Team Hardanger	Fredag 23. Eidfjord	Torsdag 12. Odda		Fredag 17. Kvam	Fredag 29. Ulvik	Torsdag 25. Voss	Fredag 18. Eidfjord		Fredag 28. Kvam	

- Kommunetreff i Odda saman med Hardingtinget 13.02.26
- Kommunetreff i Odda torsdag 01.10.26

HR saker som kjem til:

- **Runde rundt bordet.**

Me rakk berre ein kommune, dei andre byrjar i neste møte.

Ulvik

Aquakultur i Bruravik, Ulvik herad. Skal vera lukka anlegg. I dag er det ikkje konvensjonelle oppdrettsanlegg innafor Ålvik, men anlegg planlagt i Bruravik er ein utviklingskonsesjon til havbruk, gitt av myndigheitene.

Uroa for Siderklynga og framtida. Treng dei hjelp til noko, så er det viktig at dei veit at TH kan og vil bidra. Lokalmat og drikke viktig, også for beredskap. Kunne også jordbrukssjefar bli kobla på.

Kvam 03.12.2025

Lisbeth Bygstad Celik/s
Leiar